



INFORMASJON

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 05- 2015 Torsdag 18. juni 44. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 27. august 2015*

*Nytt stoff innan: 11. august 2015*



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til guds-teneste? Då kan du ringe kyrkje-kontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90, faks 56 16 72 91

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheim.kyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeverje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

### Gudsteneste 28. juni kl. 19.00

Prest Per Børge Hillestad  
Organist Jostein Hauge  
Forsangergruppe  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

### Gudsteneste 19. juli kl. 11.00

Vikarprest Anders Hove  
Organist Hermund Rebnord  
Dåp  
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali

### Gudsteneste 16. aug. kl. 19.00

Prest Per Børge Hillestad  
Organist Jostein Hauge  
Dåp  
Tema: Tiende  
Takkoffer til “Giving hope to a child”

### Konfirmasjonsgudstenester 30. aug. kl. 10 og kl. 12.00

Prest Per Børge Hillestad og  
kyrkjelydspedagog Jostein Hauge  
Organist Ann Jorunn Hopen  
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali

### Gudstenester:

20.09 kl. 11.00  
01.10 Eldredagen  
04.10 kl. 11.00  
25.10 kl. 11.00 Familiegudst.

## Måltidet som opnar auga

- Det er utruleg kva eit måltid kan gjera! Den altfor lange arbeidsøkta utan påfyll av mat gjorde at me ikkje hadde fokus på det me skulle gjera. Eller skituren som blei så mykje lengre enn me hadde tenkt. Heile kroppen skreik etter ny energi. Synet fekk eit slags slør over seg, slik at me ikkje såg anna enn sløvt framan om oss. Alt dreidde seg om å få mat. Det vakre rundt oss blei umogleg å sjå.

Dei to såkalla « Emmausvandarane », disiplar av Jesus, hadde mykje å prata om mens dei gjekk. Dei var usikre. Dei kjende nyheitene frå Jerusalem, og prata heftig om mykje: Jesu siste måltid og orda hans « Dette er min kropp. Dette er mitt blod. Gjer det til minne om meg », pågripinga i Getsemanehagen, forhøyret av Jesus, krossfestinga, oppstoda og at nokon hadde sett han levande. Mens dei tenkte på alt dette, hadde dei eit dimma blikk: « Men auga deira vart hindra i å sjå, så dei ikkje kjende Jesus att », fortel Lukasevangeliet (Luk 24,16). Jesus kom opp på sida av dei, men dei kjende han ikkje att. Det blei ein god prat dei fekk med Jesus. Han forklarte dei kva alt det dei snakka om betydde. Men klårt såg dei først då Jesus ga dei nattverden. Då vart auga deira opna, og dei kjende han att.

Velkomen til å ta imot nattverden! Nattverden er ein augeopnar som gjer at vi forstår betre kven Jesus er. « Emmausvandarane » hadde mykje erfaring av og kunnskap om Jesus, og dei kjende Skriftene. Men først då dei tok imot nattverden, forstod dei at det var Jesus som var saman med dei. Nattverden er måltidet der Jesus opnar auga våre. Me ser Han som har forsona Gud og oss menneske. Måltidet syner oss at me får leva i Guds tilgjeving og nåde.

Og me får eit nytt syn på oss sjølve, nemleg at me er Guds barn og arvingar av Gud rike. Når det er slik, bør verken me sjølve eller andre hindra oss i å ta imot nattverdens sakrament. For ved å ta imot Jesu kropp og blod, har me del i all Guds velsigning, som han så rikt ønskjer å gje oss. Jesus vart usynleg igjen for dei, men i nattverden ser me han kvar gong me et og drikk: « Dette ER..... »

Me er verdfulle og elska av Gud. Nattverden, saman med Bibelen, Guds Ord, er « nistepakka » frå Gud på vår livs- og trusvandring. Ta til deg dei gode orda som me seier i glede til kvarandre ved avslutninga av nattverdmåltidet: « Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk! »

Signa nattverdmåltid med stadig fornya syn på den oppstadne Jesus og deg sjølv – til glede og håp.

Per Børge



## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døpte

- 26. april** Mathias Lundal Valdersnes  
Fillip Sprækenhus Sætre
- 14. mai** Theodor Waage
- 24. mai** Markus Solheim  
Maria Aleksandra Krawczyk Hodneland

### Døde

- 24. april** Edith Alvilda Hope f. 1938 (frå Lindås kyrkje til Lervåg gravplass)
- 21. mai** Kjellrunn Hole f. 1937 (frå Lindås kyrkje til Lervåg gravplass)

### KONTORTIDER I SOMMAR PÅ KYRKJELYDSKONTORET

For å få avvikle ferie og fridagar har kontoret denne opningstida frå 22. juni -23. aug.  
Tirsdag, onsdag og torsdag mellom kl. 10-14  
Utanom desse tidene må du gjere avtale.

Kontortlf.: 56 16 72 90 og e-post: [kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no](mailto:kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no)

Beredskapstelefon til vakthavande prest: 95 48 38 74  
– kun for kritiske og livstrugande situasjonjer.

## Utgjevingsplan Kyrkjebakken andre halvår 2015

	Leveringsfrist	KB kjem ut	
Nr. 6/15	11. aug.	27. aug.	(første nr. hausten 15)
Nr. 7/15	15.sept.	01. okt.	
Nr. 8/15	20. okt.	05. nov.	
Nr. 9/15	01. des	17. des	

# Takk

## Hjarteleg takk

til alle som kom og var ilag med meg  
og feira 90 års dagen min 8.mai.

Takk for telefonar, helsingar , gåver og  
gode ord.

Beste helsing Olav Sognnes

## TAKK!

Me vil takke alle som var med og støtta  
THK-aksjonen i år også!  
Godt over 100 sekkar med klede, sko og  
utstyr er sende til Korosten i Ukraina.  
Særleg takk for fine gevinstar frå butikkar  
og bedrifter!  
Takk til alle som kjøpte lodd og støtta på  
ulike måtar!

Kjekt at det vart fullt hus på THK-kvelden  
22.april!

Me samla inn i alt kr 41 650,-  
som er sende til Mor- og barn-senteret.

## Ny rekord!

Helsing elevar og lærarar på mellomtrinnet  
ved Årås skule

## Ny kyrkjegardsarbeidar.

Han heiter Stein -Olaf Jordal.  
Han kjem frå lindås, og vi ønsker han  
velkommen til Austrheim

## Vil du bli bedre å snakke med for mennesker som har det vanskelig?



Velkommen til «God å snakke med», en gratis kurskveld der du lærer å skape gode samtaler med mennesker som har det vanskelig, privat eller på jobben.

**Sted:** Bergen døvekirke  
Kalfarveien 77

**Tid:** Mandag 31. august  
kl. 19.00–21.00

For mer informasjon og påmelding, ring eller sms til 941 83 654, send epost til [bjorgvin@kirkens-sos.no](mailto:bjorgvin@kirkens-sos.no) eller se [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



**Kirkens SOS.** Vi er her. Alltid.

## TUR TIL ROMA OG ASSISI

14.-20.nov 2015

Velkomen som deltakar.  
Turen er open for alle.

Program og opplysningar:  
Harald Sundsbø tlf 95976864  
eller [h-sund@online.no](mailto:h-sund@online.no)

## Fotpleie



29. juni

**Kontakt Asbjørg Lohne 918 07 436**



# LERVÅG BEDEHUS

## MØTE

Søndag 21.06 kl 19:00 Geir Talberg taler

---

## FELLESMØTER i Lindås kyrkje

Med sangevangelist Marit Stokken

12. august

Møter kvar kveld kl 19:00



Arr. Ebeneser Fammestad, Lindås Misjonsmenighet, Lervåg bedehus,

Foto: Egill J. Danielsen

# LOPPEMARKED

Det blir loppemarked på Samfunnshuset

Lørdag 20. juni 2015, mellom kl 11-15.

Innlevering av lopper fredag mellom kl 17-19

(ikke klær)

Ta kontakt med Asbjørg Lohne

hvis noe må hentes eller leveres før fredag 19. juni

Tlf . 918 07 436

Vi har ikke kort automat.

Eierlagene av Austrheim Samfunnshus.

Austrheim kommune har bestemt seg for å ta imot og integrere 13 flyktingar til. Det har gått veldig bra med dei som me har tatt imot til nå, og sidan over 5000 venter i mottak for ein busetjingskommune, ser me det som vårt samfunnsansvar å bidra med busetjing.

Dei 13 vil sannsynlegvis være frå ein annen folkegruppa frå dei som har kome så langt, men før me bestemme nøyaktig kven som kjem må me finna bustadar til dei.

Me i kommunen har ikkje nok ledige bustadar, og me håper at innbyggarar i kommunen kan bidra. Om nokon av dykk har ledige bustadar og hyblar, hadde Austrheim kommune satt stor pris på om de tek kontakt med

flyktingkonsulent Ian Percy på 95526623 eller send ein e-post til [Ian.Percy@austrheim.kommune.no](mailto:Ian.Percy@austrheim.kommune.no).

Me leitar hovudsakleg i områdene Fønnes, Kaland, Austrheim, Årås og Mastrevik, men me er opne for alle mogelegheiter.



## Helgaljod sin historie.

Skuleåret 1974 / 75 var Anne Gunn Jakobsen organist i Austrheim.

Per Einar Sønnesyn som då var prest i Austrheim såg muligheita til å få starta eit ungdomskor, det var også han som kom med namnet Helgaljod, det betyr «heilag lyd».

Saman med nokre andre eldsjeler starta dei opp eit kristent ungdomskor.

Koret opptredde for første gong 1. nyttårsdag 1975 på Årås bedehus.

I starten var øvingane kvar fredagskveld på meieriet på Austrheimkaien. Det var stas å vera med i koret og det var kjekt å gå eit kor.

Me fekk raskt oppdrag, me hadde ein god dirigent, så det var kvalitet over det som vart framført. Ofte song ein på gudstenestene.



Sommaren 1978 song me også på generalforsamlinga til NMS i Bergenshallen. Det var ei stor hending for eit lite kor, me var til og med i radioen.

Denne sommaren hadde Helgaljod sin første tur til Skottevig camping, der NMS hadde ei teltkyrkje. Den ligg utanfor Kristiansand og Lillesand.

Me budde i telt og deltok på møter på bibelcampen både føremiddag, ettermiddag og kveld. Der hadde me songinnslag og anna underhaldning. Det vart også spelt inn ein kassett i 1978 på Justøya Bibelcamp.

På 70 – og 80- talet vart det i Nordhordland arrangert Norhordlandstreff, der ungdoms – og ten-singkora møttes ei helg kvar vår og bl.a. hadde konsertar for kvarandre. I tillegg hadde ein og gjerne med litt meir profilerte artistar.

Våren 1980 arrangerte Helgaljod treff her på Austrheim.



På 80- talet svinga medlemstalet mykje. Me hadde år der me var berre 8, og år der me var mellom 80 – 90 medlemmer.

I helgane var det av og til «ope hus». Då samlast me heime hjå kvarandre. Me song, hørde på musikk, spelte spel og åt god mat. Dette var både kjekt og trygt.

I 1980, 83 og 84 reiste me og som kor til Skottevig, i 1983 reiste me saman med Radøy Ten-Sing som me om våren hadde samarbeidd med. Me hadde då øvd inn musikalen «Den barmhjertige samaritan».

På veg heim frå Skottevig i 1984 song me på NMS si generalforsamling som då var i Stavanger. I 1983 og 84 fekk me og opptre på scena i Kristiansand Dyrepark.



Våren 1987 fekk me besøk av eit lite kor frå Sør – Afrika, «Imitha Choral». Me song sør – afrikanske songar saman og me reiste på ein liten turné til Landås kyrkje.

Det gjorde sterk inntrykk på oss å få høyre om Apartheid og korleis livet var for unge i Sør – Afrika. Dette skapte engasjement og bevisstgjerung.

Vårhalvåret 1988 samarbeidde me med Oil Digger Jazzband. Det enda opp med ein turné til Os og Fjell i pinsehelga.

To av høgdepunkta på 1990 – talet var to musikalar. Musikalen «Ikkje for nær» handla om framandfrykt. Denne reiste me på turné med bl.a. til Voss og Arna. Musikalen «Rigoberta Menchú» om fredsprisvinnaren frå 1992, frå Guatemala sette me opp saman med konfirmantane våren 1994.

Me hadde ein del øvingshelger og gospelnights som sveisa koret godt saman og medverka sterkt til eit godt kristent miljø, noko som heile tida har vore ei viktig målsetjing for koret.

I Helgaljod var me så heldige at me hadde eit svært godt orkester som dei andre kora i området misunna oss. Dette var med på å auka gleda med å vera med i Helgaljod, og det var viktig at dei som ikkje ville syngja hadde eit alternativ. Medlemstalet var mellom 20 og 40 i denne perioden.

Koret låg diverre nede i tre år på midten av 2000-talet.

Så vart ein del av konfirmantundervisninga det å vere med på kyrkjelydsarbeid og dermed vart det liv att i Helgaljod. Dette

heldt stand i ein del år. Denne perioden song koret mest lokalt og deltok på kyrkjelyden sine arrangement, blant anna på gudstenestene. I mange år var koret også fast med på gudstenesta i Njøten Kristi himmelfartsdag.



Orkesteret har alt vore nemnd, og det er ingen tvil om at gode orkester oppgjennom åra hatt noko å seie for utviklinga musikalsk, og det har vore kjekt for dei som ikkje kunne eller ville syngje.

Tidleg på åttitalet gjekk Helgaljod til innkjøp av lydutstyr og tok dermed fatt på ein ny tidsperiode når det gjaldt lyd og lys. Eit namn må nemnast her, og det er Trond Einar Sørensen. Han, saman med nokre ungdommar til i styret kausjonerte for lån i banken og utstyr vart kjøpt inn. Trond Einar har seinare gjort dette til både hobby og leveveg. Mange ungdommar har vore med Trond Einar på lyd og lysjobbar, både med Helgaljod og i andre samanhengar.

At Helgaljod har vore eit kristent ungdomskor, har hatt noko å seie for trua til ein del ungdommar. Mange har vorte kristne, ein kan jamvel finna både kateketar, misjonærar og prestar blant tidlegare medlemmer.

Ei av dei som er utdanna prest sa ved eit høve «Utan tida i Helgaljod hadde eg aldri vorte prest». Dette er sterkt. Det er liten tvil om at koret har vore eit godt kristent ungdomsarbeid sidan oppstarten av. Koret har vore tilslutta NMS, KFUK - KFUM og dei siste åra Austrheim kyrkjelyd.

Koret sine øvingslokale har variert litt sidan oppstarten, både Årås bedehus, Austrheim kyrkjelydshus og private heimar har vore nytta. Sidan 1983 har koret stort sett hatt øvingane i kyrkja. Dette har fungert svært bra.

Helgaljod har hatt mellom 15 – 20 ulike dirigentar desse åra, men fordi me er redd for at nokon skal verta gløymd, vert berre den første, Anne Gunn Jakobsen nemnd.

Det er liten tvil om at dyktige og ivrige dirigentar har vore med på å halda Helgaljod oppe.

Saman med andre eldsjeler og ulike prestar har desse gjort det mogleg å ha eit så godt kor og miljø i så mange år.

Helgaljod har feira 10, 20 og 25 – års jubileum. I 2014 / 15 hadde koret vore 40 år, men dessverre har ikkje Helgaljod vore aktivt sidan våren 2011.

Dersom det er ungdommar i kyrkjelyden vår som kan tenkja seg å vera med og starta oppatt Helgaljod så ta kontakt med kyrkjelydskontoret, det er ganske sikkert eldsjeler som kan tenkja seg å vera med på å få koret i gong att.

Desse mimringane frå Helgaljodtida er skrive av Evy Sætre, Trude Bertelsen, Hanne Daae og Gunn H. Dyrkolbotn

## Gudstenesta i Rongevær



Blomsterkrossen på altaret



Naustet var fullsatt. Godt frammøte.



Presten og kyrkjelyden syng velsignelsen for Theodor.

Dåpsfylgjet med vesle Theodor som skal døypast.



Speidarane i aksjon på brygga ute



Nokre av medhjelparane til presten.



## Friluftslivets år held fram i Austrheim

### Bli med på Turquiz 2015

Fredag 15.mai gjekk startskotet for Austrheim kommune sin turquiz. Dette er eit av tiltaka kommunen har i samband med Friluftslivets år.

I alt er det 13 spørsmålsark som heng rundt i 6 av turløypene våre. På kvart ark er det 1 spørsmål. Du som vil delta har no tida fram til og med 15 september på å gå turane, finna spørsmåla, finne rette svara og sende inn. Kanskje vert ein av dei flotte premiane din???

Spørsmålsarka er fordelt slik:

- Øksnesmarka 3 spørsmålsark
- Steinalderstien 3 spørsmålsark
- Utkilen 2 spørsmålsark
- Gassneset 2 spørsmålsark
- Vardetangen 2 spørsmålsark
- Krossøygavlen 1 spørsmålsark

Svarskjema finn du på kommunen si heimeside under Friluftslivets år (boks nedst på sida), eller ved å henvenda deg til Servicekontoret på Austrheim kommunehus, tlf. 56162000 eller epost [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no). Turkart for Austrheim finn du i menyen til høgre på sida

Om du vil ta eit bilete eller to frå turane dine og synes at me kan få dela dei på kommunen si side eller Fb-side kan du senda dei til [heimesida@austrheim.kommune.no](mailto:heimesida@austrheim.kommune.no)

Håper mange tek utfordringa og deltek på denne uhøgtidlege turquiz

Spørsmål kan rettast til folkehelsekoordinator Helge Dyrkolbotn, 56162000 eller epost [hdy@austrheim.kommune.no](mailto:hdy@austrheim.kommune.no)

## SOKNERÅDSVAL

**Mandag 14. sept. er det soknerådsvalet. Valet er same dag som kommunevalet. Det vert sendt ut valkort og informasjon om førehandsrøysting og vallokaler. Det skal veljast 10 medlemar og 5 varamedlemar.**

### **Kandidatliste til soknerådsvalet i Austrheim**

Navn	Alder
ARNE IVAR LERØY	68
ANNY HELENE BERTELSEN	66
SYLVELIN STRØMMEN FONNES	66
JUSU FALLAH GYFLAN	31
BRITT ELLEN LEIKVOLL YSTEBØ	48
HENRIK NIELSEN	18
BJØRN-HELGE OLSEN	41
ANITA BAKKE	46
SVEIN TOMAS VILLANGER	35
MARGRETHE DRANGE	35
INGER IRENE SYNNEVÅG	60
KINE ALFREDSSEN LERØY	41
TROND EINAR SØRENSEN	53
HELGE DYRKOLBOTN	51
JORUNN LAILA KÅRDAL	63
STEIN KÅRE LØVSLETT	58
KJELL DAHLE	69
LINN LERØY	32
EINAR AUSTRHEIM	51
INGE MONRAD BERGSVIK	70



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

### **BLADPENGAR**

I dette nummeret av KB har vi lagt ved ein giro, og vi håpar at de vil benytta denne. Skal vi halda fram med utgjevinga av KB er vi heilt avhengig av bladpengane.

#### For utanbygds abonnentar:

Om det ikkje vert registrert betaling i løpet av eit år frå utanbygds abonnentar vert bladet stogga. For å kontrollera dette må de skrive avsendar på giroen.

### **NYTT FRA SAMFUNNSHUSET**

Oppussingen i Samfunnshuset fortsetter.

Det siste er bl.a. ny kjøkkenbenk m/skap under.

Toalettene og utskifting av utette vinduer står for tur.

I tillegg til utleie av de forskjellige rommene, dugnad v/ arrangement er den årlige basaren en nødvendiginntekstskilde.

Årets basar blir søndag 20.09.

Eierlagene har fått loddbøker som skal selges.

Styret håper loddselgerne blir tatt godt i mot.



## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

## DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



### Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opptil 7,5 tonn
- Regsterskift
- Reparasjoner
- Servicer Intervall
- A/C/kilmaservice
- El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
- Glasskifte og rep.
- NB! Vi gir rep. tilbud
- Alt Innen dekk

### Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler før hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende under-spylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polering = 9 min
- Hver 6. vask gratis



### Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handel!  
[www.boschcarservice.no](http://www.boschcarservice.no)  
E-post: [fosbil@online.no](mailto:fosbil@online.no)



**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik



## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*

MNTF



**Panasonic  
varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirensesanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befaring!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Sommarope bibliotek

Hovudbiblioteket

29. juni – 14. august

Måndag kl 14:00 – 19:00

Tysdag kl 10:00 – 15:00

Fredag kl 10:00 – 15:00

Fonnes filial

Siste opningsdag 25. juni

Første opningsdag 20. august

Sommarbiblioteket i Årvika friluftsområde,  
og på Mastrevik kai er ope heile sommaren.!

God bok! God sommar!

## Annonsse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonsar er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 56 35 10 03**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00. Me svarar på  
telefonen 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

**Utanom desse tidene**

**kun øyeblikkeleg hjelp.**

**Ingen reseptbestilling måndagar.**

### Årås helsestasjonen

**Åpningstider for publikum:**

**kl 08.30- 15.00**

**Helsesøster tlf. 56 16 82 11**

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13**

### Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

**BANDABUTIKKEN AS**

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: [post@bandabutikken.no](mailto:post@bandabutikken.no)  
Nettbutikk: [www.bandabutikken.no](http://www.bandabutikken.no)



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!

Følg oss på [facebook/bandabutikken](https://www.facebook.com/bandabutikken)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Giving Hope To A Child (GHTAC)

**Giving Hope to a Child** har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å byggje og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår: [www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

<i>Stine B. Karlsen</i>	Styreleiar	<i>Jenfrid Stellberg</i>
	Styremedlem	Styremedlem
<i>Ole Moen</i>		<i>Monika Thorpe</i>
Forretningsfører		Styremedlem.



Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

Himmellosen

Uten den himmelske losen om bord  
Tumlet min livsbåt omkring uten ror  
Tårnhøye bølger om båten min slo  
Omgitt av mørke alene jeg sto

Frådende bølger og yrende vind  
Fulgte mitt angstfylte hjerte å sinn  
Aldri et lysende fyrtårn jeg så  
Evig fortapelse foran meg lå.

Nærmere, nærmere brenningens brus  
Håpet om redning var sunket i grus  
Da kommer Jesus, den Himmelske los  
Entret min livsbåt og endret min kurs.

Jesus utslettet min synd, mine feil.  
Gav meg en ny båt med ror og med seil  
Fremad jeg stevner mot Himmelens strand  
Snart er jeg fremme, snart går jeg i land.

Jesus min Frelser jeg lovpriser deg  
Takk at du frelste en synder som meg  
Stormen har stilnet, mitt hjerte har fred  
Losen fra Himmelen i båten er med.